



Notat

Dato: 23.02.2018
Arkivsak: 2014/12154-22
Saksbehandlar: fromann

Til:	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
Frå:	Frode Mannsåker

Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune 2017

Samandrag

Samla sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune var i 2017 på 5,69 prosent, ein reduksjon frå 5,95 prosent i 2016. Sjukefråværet var om lag det same som gjennomsnittet for fylkeskommunane i KS, men lågare enn gjennomsnittet for norsk arbeidsliv generelt. Målet om 95 prosent nærvær vart ikkje nådd.

Eigenmeldt fråvær hadde ein liten vekst til 0,93 prosent, medan legemeldt fråvær gjekk noe ned, til 4,76 prosent. Sjukefråværet for kvinner var ca. 72 prosent høgare enn for menn i 2017, mot ca 81% året før.

Sjukefråværet varierer noko mellom sektorar og avdelingar. I eigeomsdrift auka fråværet frå 2016 til 2017, medan det var reduksjon i vidaregåande skular, tannklinikkar, fylkesadministrasjonen og Skyss.


Statistikkgrunnlaget

Fråværestala er henta frå analysemodulen HR Analyse frå og med 2014. For tidlegare år er tala henta frå ulike rapportar frå lønns- og personalsystem i HFK. Til samanlikning med nasjonalt nivå er henta tal frå KS og Statistisk sentralbyrå (SSB).

Samla sjukefråvær i HFK – utvikling over tid.

Det samla sjukefråværet var i 2017 på 5,69 prosent, ein reduksjon frå 5,95 prosent i 2016. Reduksjonen var på 0,26 prosentpoeng, eller 4,4 prosent. Diagram 1 viser utviklinga dei siste åra, samanlikna med fråværestala på nasjonalt nivå (kjelde: Statistisk sentralbyrå).

Diagram 1



*) SSB-talet for 2017 er ein prognose, ut frå tal for dei tre første kvartal 2017.

Ei samanlikning mellom HFK og nasjonalt gjennomsnitt for fylkeskommunar er gjort i diagram 2. Disse tala er utarbeidd av KS, som nyttar annan metodikk og periodisering av fråværsstatistikken. KS-tala er generelt høgare enn tala frå SSB og HFK, og dei periodisert frå fjerde til tredje kvartal i staden for kalenderår.

Diagram 2





Diagram 2 stadfester at sjukefråværet i HFK i 2017 gjekk noko ned også i KS-statistikken, og at HFK i 2017 ligg på om lag same nivå som fylkeskommunar elles.

Utviklinga pr. kvartal er vist i diagram 3. Mønsteret med høgast fråvær første kvartal held fram i 2017.


Diagram 3



Sjukefråvær fordelt på sektorar og avdelingar i HFK


Diagram 4 viser sjukefråværet fordelt på sektorane i HFK, dei siste fire åra. Her er Egedomsdrift og Skyss skilt ut som egne sektorar. Fråværet har auka i egedomsdrift, medan det har gått litt ned i dei andre sektorane i 2017. Egedomsdrift tok over ansvaret for reinhaldarane i andre halvår 2016, noko som har virka til auka fråværestal i denne sektoren.

Diagram 4



Den avdelingsvise fordelinga er vist i diagram 5. Nokre av avdelingane er små i tal tilsette, her vil ein skilde sjukefråvær kunne gi store utslag i prosent. I denne tabellen er Skyss inkludert i Samferdselsavdelinga, medan Egedomsdrift inngår i Egedomsavdelinga.


Diagram 5



Lengda og typen av fråvær


Det eigenmeldte sjukefråværet har auka svakt dei siste åra, medan det legemeldte fråværet har vorte redusert sidan 2015.

Diagram 6



Lengda av fråværet viser eit stabilt mønster. Diagram 7 viser at langtidsfråværet over 16 dagar gjekk noko ned i 2017, det same gjorde fråværet over 8 veker. Fråværet 1-16 dagar gjekk noko opp.


Diagram 7



Kjønnsforskjellen i sjukefråværet

Kvinner i fylkeskommunen hadde i 2017 ca. 72 prosent høgare sjukefråværet enn menn, mot 81 prosent i 2016. Forskjellen kan forklarast dels med ulike typar arbeid for kvinner og menn, og dels med ulike helseplagar. Også sjukdom knytt til svangerskap og fødsel verkar inn på tala. Kjønnsforskjellen i HFK er om lag som elles i norsk arbeidsliv.

Diagram 8




Sjukefråvær i ulike stillingsgrupper

Diagram 9 viser sjukefråværet fordelt på stillingsgrupper. Nokre av desse gruppene inneheld relativt få tilsette, slik at einssilde sjukefråvær kan gi store prosentvise utslag. Som i tidlegare år er fråværet høgast blant reinhaldarar, miljøarbeidarar, tannhelsesekretærar og tannpleiarar.

Reinhaldarane var gjennom ei omorganisering i 2016, der dei organisatorisk vart er flytta frå den einssilde skule til Eigedomsavdelinga. Omorganiseringar kan ofte føre til noko uro, og også auka sjukefråvær i ein periode.


Diagram 9



Aldersfordeling av sjukefråværet

Aldersfordelinga i diagram 10 viser ikkje uventa at tilsette over 60 år har høgare sjukefråværet enn dei yngre. Tala for tilsette over 69 år gjeld svært få personar og vil dermed variere sterkt prosentvis.

Diagram 10



Målsetting for sjukefråværsutviklinga – moglege tiltak

Gjeldande mål for fylkeskommunen er eit nærvær på minst 95 prosent, dvs. at sjukefråværet ikkje skal overstige 5,0 prosent.

Alle avdelingar i fylkeskommunen har sett eigne mål for sjukefråværsutviklinga. Dei fleste avdelingane har valt det same som det overordna målet om 95,0 prosent nærvær, medan Regionalavdelinga og Eigedomsavdelinga har sett som mål 96,0 prosent nærvær innan 2018. For Tannhelsetenesta er nærværmålet sett til 92,5 for 2015, og til 94 prosent innan 2018.

Sjølv om sjukefråværet gjekk ytterlegare ned i 2017, er det framleis eit stykke att til måla er nådd. Det er derfor all grunn til å sjå nærare på korleis ein kan førebygge og redusere fråværet.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærare på oppfølging av gravide arbeidstakarar. Ei anna arbeidsgruppe ser på arbeidstilhøva for miljøarbeidarar.

Fylkesrådmannen vil følgje opp fråværsutviklinga med fylkesdirektørane, og etterspørje kva for tiltak som er sett i verk eller vert vurdert.